

Styremøte i Vats Grendautval

Måndag 20.06.11 i Vindafjordhallen kl 19:30

Desse møtte: Jon Olav Velde

Kristin Ove Skare

Anne Nesheim Myhre

Hilde Fadnes Hølland

Dei som ikkje kunne kome: Severin Fatland, Olaug Urdal og Åsmund Kalstveit

Sak 1. Sykkel og gangsti frå Knapphus til Kårhus og utover mot Raunes

Sak 1, 2 og 3 er tatt opp i tidlegare møter men me synes at det er viktig å halde fokus på tryggleik i trafikken så me sender ei særutskrift til kommunen om desse sakene.

Det er blitt ein aukande trafikk frå Knapphus og ut mot Raunes. Her ferdast det skuleungar og turgåarar/syklistar. Me ynskjer sykkel- og gangsti langs med heile denne ruta for å sikra tryggleiken til disse.

Sak 2. Vegkrysset på Knapphus

Vegkrysset må utbetras. Det bør lagas ei "ventefil" når ein kjem frå E 134 og skal svinge ned på riksveg 46. Det er ofte glatt på vinterstid og elles eit uoversiktlig kryss for så mykje trafikk.

Sak 3. Vegkrysset frå Knapphusfeltet til busshaldeplass på Knapphus

Her finnes det ikkje noko retningslinjer for mjuke trafikkantar. Knapphusfeltet har auka med mengde av hus og familiar som har mange ungar i skulealder som må krysse riksveg 46 for å komme til busshaldeplass. Dette er eit farleg kryss som har skapt mange farlege situasjonar og som me meiner at det må gjerast noko med umiddelbart før det kjem ei ulykka.

Sak 4. Lysmaster frå Øvre Vats bedehus til Aurdalsvegen

Jon Olav orienterte om denne saka. Det er laga sykkel- og gangsti frå Knapphus til Aurdalsvegen på dugnad. Det er også satt opp lysmaster langs vegen frå Knapphus til Øvre Vats bedehus. Det trengs 35 master frå Øvre Vats bedehus til Aurdalsvegen. Vindafjord kommune og Statens vegvesen er begge positive til fullføring av dette prosjektet. Det er manglar på midlar som gjer at det ikkje er noko framdrift i saka. Det er søkt om midlar til VAF og Vindafjord kommune.

Sak 5. Takkeskriv

Jon Olav laga eit utkast til takkeskriv som han las på møtet og som styremedlemmene sa seg einige i innhaldet.

Med dette skrivet ynskjer Grendeutvalet å gje ein stor takk til den innsatsen som blir gitt til lag og foreiningar som jobbar med barn. Takkeskrivet blir publisert i Grannar og Vats.com.

Sak 6. Vatsvassdraget.

Jon Olav orienterte om saka. Det er satt ned ein komite bestående av:

- Vats Grendeutval, Åsmund Kalstveit.
- Vats bondelag v/Andreas Lundegård.
- Vats grunneigarlag v/ Joar Haugland.
- Haugaland landbruksrådgjeving v/Torbjørn Ruud.
- Vindafjord kommune avd. areal og forvaltning v/Harald Olav Stuhaug.
- Koordinator for arbeidsgruppa er Harald Velde.

Denne komiteen skal laga ei føring for å betre vasskvaliteten i vassdraget. Første tiltak blir å reinska opp slik at gjennomstrøyminga blir betre frå Kårhus. Dette arbeidet held på nå. Det er satt av 70 000 kroner frå kommunen (2011) til dette arbeidet.

Sak 7. Bedehus/meninghetshus ved kyrkja.

Hilde orienterte om saka. Grendeutvalet har tidlegare sendt ei særutskrift til styret i byggekomiteen for menighetshuset og til leiar i Vindafjordhallen. I særutskrifta blir det oppfordra til ei bygningsmessig og samdriftsmessig samarbeid mellom menighetshus og Vindafjordhallen.

Styret i Vindafjordhallen har hatt møte med nemnda for kyrkjelydshuset kvar det blei lagt fram to alternativ:

1. Tilbygg til Vindafjordhallen
2. Eige bygg

Nemda for kyrkjelydshuset har i utgangspunktet slått frå seg tilbygg til hallen. Styret meiner at risikoen for større inntektstap for Vindafjordhallen er høgare ved eige bygg enn ved tilbygg. Styret i Vindafjordhallen bad nemnda om å sjå på eit tilbygg til Vindafjordhallen på ny og informera dei om at saka må opp i halvårsmøtet i Vindafjordhallen P/L i september.

Sak 8. Ymse

Det kom eit skriv frå Vindafjord kommune angående "Nabovarsel – endring av reguleringsplan for Velde tomtefelt". Dette var adressert til grunneigarar i Velde tomtefelt og Vats grendeutval.

Vats grendeutval har inga merknader til nabovarselet og lagar ei særutskrift til kommunen.

Møteplan framover for Grendautvalet.

Neste møte:

- **Torsdag 15.09 kl 19:30**

Forslag til saker kan sendast til Hilde eller Jon Olav.

Det blir også annonsert møter på Vatsnett.com.

Nedre Vats 22. juni 2011

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar i Grendautvalet -